**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>
**Sendt:** 20.12.2022 09:14:15
**Til:** Roy-Kenneth Morken <rkm-morken@hotmail.com>
**Emne:** SV: 22/8560-22/96600 Melding om bygning unntatt søknadsplikt GBNR 445/409

---

Hei

Eg stussa litt på at du viste til tidlegare innsende teikningar, og leita etter garasje-saka i arkivet for Alver og i arkivet for Radøy frå 2014-2019. Tenkte ikkje det kunne vera frå endå lenger tilbake i tid.

No finn eg at du har søkt om garasjen og fått den godkjent i 2011 ( sak 11/345). Det ser også ut til at den vart påbegynt straks og ferdig for ei god stund tilbake.

Her skulle du i staden for å senda inn skjema «melding om frittliggande bygning eller tilbygg som er unntatt søknadsplikt», ha sendt inn skjema «søknad om ferdigattest» etter plan- og bygningslova.

Det skjema du sende inn går rett til kart- og oppmåling for registrering i kart og matrikkel, og gjeld bygningar som er unnateke søknadsplikt, etter reglar som kom seinare enn 2011.

Ved ein glipp var ikkje denne garasjen registrert i matrikkelen av Radøy kommune ( hadde ikkje fått tildelt bygningspunkt) slik at eg ikkje såg at dette var ein garasje som var omsøkt og hadde fått igangsetjingsløyve i 2011.( eg såg berre at den var teikna i kartet etter flyfotografering 2015- som betyr at den har stått der nokre år)

Slik eg ser det, vert det retta å gjera her: Eg slettar bygningspunktet som no feilaktig er registrert som bygning unntatt søknadsplikt, og du sender inn ny rett **søknad om ferdigattest**- etter PBL.


Kommunens saksnr.

**Søknad om ferdigattest**
Pbl § 21-10, SAK10 §§ 8-1 og 8-2

| Søknaden gjelder | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Eiendom/ byggested | Gnr. | Bnr. | Festenr. | Seksjonsnr. | Bygningsnr. | Bolignr. | Kommune |
| | Adresse | | | | Postnr. | Poststed | |

| Ferdigattest | | |
|---|---|---|
| Tilfredsstiller tiltaket kravene til ferdigattest? | ☐ Ja ☐ Nei | Hvis nei, fyll ut informasjonen nedenfor. |
| Det gjenstår følgende arbeider av mindre vesentlig betydning som vil bli utført innen 14 dager: | Dato | |
| Type arbeider | | |
| Bekreftelse på at disse arbeidene er utført vil være kommunen i hende innen: | Dato | |

**Oppdatert dokumentasjon**
Er det foretatt ikke søknadspliktige endringer/justeringer i forhold til tillatelsen?

Med helsing

**Anngunn Marie Gullbrå** | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

---

**Fra:** Roy-Kenneth Morken <rkm-morken@hotmail.com>
**Sendt:** tirsdag 20. desember 2022 07:55
**Til:** Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>
**Emne:** 22/8560-22/96600

Hei
Finner dere ikkje søknaden om garasjen til Radøy kommune fra 2011. Her er målene på den BYA 42m2, BRA 41,09m2, BTA 42m2, P-rom 41,09m2.
Eg kan sikkert finne papirene vist dere trenger dei.

Mvh
Roy-Kenneth Morken
tlf 93496262